**SAK:** Private vegar - veg til Solberget **ARKIVNR:** 565

| Journalnr./år | Dato | Saksinnh. | Behandl. av | Dato | Sak.nr. | Eksp.dato |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1994 | Tekn. sjef til Ivar Solberg /Tore Eikeland - søknad om kommunal overtaking av veg til Solberget, Flatøy. | ark. | 31/1-95 | | |
| | 1995 | Tekn. styre 15/12-94, sak 172/94, kommunal overtaking av privat veg til Solberget, Flatøy. - utsett | F | 11/1-95 | 10/95 | |
| | " | — " — " — " — | K | 30/5-95 | 67/95 | |

Nr. 70 Forlag: Sem & Stenersen Prokom AS, Oslo 9-90 SESAS-omslag Superfin

KS

Nr. 67/95 | Sak: Kommunal overtaking av privat veg til Solberget, Flatøy

K-møte 30/5.95, sak 67/95

0157 Radcon-Norge, 5212 Søfteland

MELAND KOMMUNE MØTEBOK

| Styre,råd,utval,m.v | Møtedato | Saknr. | Sbh. |
|---|---|---|---|
| Hovudutval tekniske saker | 15.12.94 | HT.172/94 | JB |
| Formannskapet | 11.01.95 | FS.10/95 | |
| Hovudutval tekniske saker | 30.03.95 | HT.42/95 | JB |
| Formannskapet | 10.05.95 | FS.73/95 | |
| Kommunestyret | 30.05.95 | KS.67/95 | |

| | | |
|---|---|---|
| Sbh: Jens Bjordal | Ark: 565.561.2 | 9401866 |

**KOMMUNAL OVERTAKING AV PRIVAT VEG TIL SOLBERGET, FLATØY.**

**Skriv/fråsegner:**

1 07.11.94 frå: Meland formannskap
KOMMUNAL OVERTAKING AV PRIVAT VEG TIL SOLBERGET, FLATØY - BER OM UTTALE.

2 14.11.94 til: Ivar Solberg/Tore Eikeland
VEG TIL SOLBERGET MÅ INNTEIKNAST PÅ KART.

3 13.12.94 frå: Tore Eikeland
BRØYTING AV TILKOMSTVEGAR, SOLBERGET.

4 17.01.95 frå: Meland formannskap
KOMMUNAL OVERTAKING AV PRIVAT VEG TIL SOLBERGET, FLATØY - VURDERING OM STIKKVEG INN I AVTALE. FS.10/95.

5 07.02.95 til: Ivar Solberg
OVERTAKING AV PRIVAT VEG I SOLBERGET - FØRESPURNAD OM STIKKVEG.

**Tidlegare vedtak :**

Hovudutval tekniske saker 15.12.94, Saknr : HT.172/94

**Saksutgreiing:**

Det er søkt om kommunal overtaking av veg til Solberget på Flatøy. Vegen er bygd i privat regi.
Bustadområdet er for det meste ferdig utbygd. Det er her i alt 21 bustader og eit gardsbruk som nyttar vegen.
Vegen er omlag 280 m lang. Vegbreidda er omlag 3,0 m. Vegen er alt asfaltert.
Det er snuplass på vegen. Snuplassen er i knappaste laget og ligg omlag 50 m før vegen avsluttar. Snuing i enden på vegen skjer på private avkøyringar og kan berre nyttast til mindre bilar.
Sidegrøftene er noko mangelfulle. Dei siste 50 metrane av vegen er noko smalare enn resten, samt det er her trong for kvistrydding langs vegen.

**Vurdering:**

Omsøkt veg ligg i bustadområde og bør såleis vurderast på lik line med andre tilsvarande bustadområde.
Vegen er i brukbar stand bortsett frå noko manglande grøfting og kvistrydding. Snuplassen ved driftsbygningen til vegeigar er ikkje asfaltert. Snuplassen må og til ei kvar tid vera rydding.

Før event. overtaking skjer bør det setjast vilkår om grøfting, kvistrydding, asfaltering av snuplass, samt at snuplassen ikkje vert nytta til lagringsplass av diverse matriell.
Kostnaden for kommunen vil verta omlag kr 8.000,- per år.

**Administrasjonen – framlegg til vedtak:**

"Hovudutval for tekniske saker tilrår at kommunen overtek drift og vedlikehald samt råderetten over privat veg til Solberget.
Veglengda er omlag 280 m.
Før overtaking skjer må det lagast til langsgåande grøfter på begge sider av vegen, vegen må ryddast for kvist minst 3 m til side for kvar vegkant.
Snuplassen ved driftsbygningen til bnr. 19 må asfalterast, samt til ei kvar tid vera rydda for matriell.

Så snart ovannemnde krav er utført overtek Meland kommune vegen som kommunal med dei rettar og plikter dette medfører."

**Arbeidsutvalet sitt framlegg til vedtak:**

"Som framlegget frå adminstrasjonen."

**HT vedtak 15.12.1994:**

Brev frå oppsitjarane v/Tore Eikeland, dagsett 13.12.94, om brøyting av private sidevegar vart lagt fram i møtet og drøfta.

**Hovudutval tekniske saker – framlegg til vedtak:**

"Hovudutval tekniske saker tilrår for Meland kommunestyre at kommunen overtek drift og vedlikehald, samt råderetten over privat veg til Solberget.
Veglengda er omlag 180 m.
Før overtakinga må det lagast til langsgåande grøfter på begge sider av vegen. Vegen må ryddast for kvist/greiner inntil 3 m frå kvar vegkant. Ryddinga må skje i samråd med kvar einskild grunneigar.
Snuplassen ved driftsbygningen til bnr. 19 må asfalterast, samt til ei kvar tid vera rydda for matriell.

Så snart overnemnde krav er utført overtek Meland kommune vegen som kommunal veg med dei rettar og plikter dette medfører.

Brøyting av private sidevegar slik som omsøkt i brev av 13.12.94 vert avslått."

**FS vedtak 11.01.1995:**

**Formannskapet - samrøystes vedtak:**

"Saka vert utsett.
Hovudutval for tekniske saker må vurdere om innteikna stikkveg er med i avtalen."

**Hovudutval for tekniske saker 30.03.95, sak HT.42/95:**

**Saksutgreiing:**

I søknaden frå grunneigar var ikkje medteken stikkveg som går inn i bustadområdet. Stikkvegen er omlag 70 m lang, og har same standard som resten av vegen. Snuplass for stikkvegen ligg rett framfor fellesgarasje, slik at det er lett for at snuplassen kan verta blokkert av bilar som står utanfor garasjen.

Brøyting av denne stikkvedgen kan såleis verta vanskeleg dersom det står bilar på snuplassen. Det bør såleis setjast opp skilt på snuplassen med parkering forbode.

**Vurdering:**

Stikkvegen inn i området er av tilsvarande kvalitet som resten av vegen, bortsett frå at han ikkje har nokon stigning, og vil såleis vera noko lettare å vedlikehalda. Det er såleis ingen grunn for at ikkje stikkvegen vert med i den kommunale overtakinga.

Grunneigar har nå óg søkt om at denne stikkvegen vert med.

**Administrasjonen – framlegg til vedtak:**

"Kommunestyret godkjenner at privat veg til Solberget vert overteken som kommunal veg på følgjande vilkår:

1. Vegen som skal overtakast går frå kommunal veg som går ned til Solbergvika og fram til avkøyringane mot gnr. 1 bnr. 95, 42, 258 og 259. I tillegg vert stikkvegen som går inn til gnr. 1, bnr. 274, 245, 242, 136, 246, 274, 243, 156 og 277 overteken.

2. Før overtakinga skal det ryddast opp i langsgåande grøfter på begge sider av vegen, og skog/kratt må ryddast langs deler av vegen og etter teknisk etat si tilvising.

3. Snuplass ved driftsbygningen til bnr. 19 skal asfalterast, samt til ei kvar tid vera rydda for materiell m.m.

   Det skal setjast opp skilt med parkering forbode på snuplassen som nemnd under pkt. 3, og ved snuplass i enden av stikkvegen framfor fellesgarasjane ved bnr. 242, 244.

4. Vegen vert overteken så snart ovannemde punkter er gjennomført og teknisk etat har godkjendt desse.

5. Kommunen overtar vegen med dei rettar og plikter som er fastsett i veglova ved tilhøyrande føresegner.

6. Kommunen kan krevje at vegarealet vert frådelt og overført til kommunen vederlagsfritt. Eventuelle overdragningskostnader skal kommunen koste."

**HT vedtak 30.03.1995:**

**Hovudutval for tekniske saker – framlegg til vedtak:**

"Som framlegget frå administrasjonen, med følgjande tillegg til pkt. 2:

"og då i samråd med grunneigarane."

Saka vert oversendt Meland kommunestyre for endeleg vedtak."

**FS vedtak 10.05.1995:**

**Formannskapet – samrøystes framlegg til vedtak:**

"Kommunestyret godkjenner at privat veg til Solberget vert overteken som kommunal veg på følgjande vilkår:

1. Vegen som skal overtakast går frå kommunal veg som går ned til Solbergvika og fram til avkøyringane mot gnr. 1 bnr. 95, 42, 258 og 259. I tillegg vert stikkvegen som går inn til gnr. 1, bnr. 274, 245, 242, 136, 246, 274, 243, 156 og 277 overteken.

2. Før overtakinga skal det ryddast opp i langsgåande grøfter på begge sider av vegen, og skog/kratt må ryddast langs deler av vegen og etter teknisk etat si tilvising, og då i samråd med grunneigarane.

3. Snuplass ved driftsbygningen til bnr. 19 skal asfalterast, samt til ei kvar tid vera rydda for materiell m.m.

   Det skal setjast opp skilt med parkering forbode på snuplassen som nemnd under pkt. 3, og ved snuplass i enden av stikkvegen framfor fellesgarasjane ved bnr. 242, 244.

4. Vegen vert overteken så snart ovannemde punkter er gjennomført og teknisk etat har godkjendt desse.

5. Kommunen overtar vegen med dei rettar og plikter som er fastsett i veglova ved tilhøyrande føresegner.

6. Kommunen kan krevje at vegarealet vert frådelt og overført til kommunen vederlagsfritt. Eventuelle overdragningskostnader skal kommunen koste."

**KS vedtak 30.05.1995:**

**Kommunestyret – samrøystes vedtak:**

Formannskapet si tilråding vart vedteken.

| Rett utskrift<br>8/6-95<br>Berit Olmstad | Kopi til<br>Ivar Solberg, Tore Eikeland<br>Nordhordland Revisjonsdistrikt<br>Teknisk kontor<br>Økonomikontoret |
|---|---|

Tekn. styre for uttale

Vedlegg til FS.sak 10/95.

Meland Kommune
Formannskapskontoret
- 7 NOV. 1994
J.nr. 94 01 0884
Arkivnr. 565 / 561.2 Saksh. RBJ

Ivar Solberg
5113 Flatøy
Oppsitterne
i Solberget.

Meland Kommune
5110 Frekhaug

Flatøy 7 nov.1994.

Meland Kommune
Teknisk kontor
- 9 NOV. 1994
J.nr. 94010913 Saksh. JB
Arkivnr. 566, 561.2

KOMMUNAL OVERTAGELSE AV PRIVAT VEINETT PÅ SOLBERGET

Vi søker herved om kommunal overtagelse av det private veinett på Solberget.
Veinettet betjener pr.dags dato 21 hus samt ett gårdsbruk,og dekker således en så stor del av Melands innbyggere at det er naturlig med kommunalt eie.
Det private veinett på Solberget er rehabilitert og asfaltert,og svarer etter vår mening til kommunal standard.Veien er ikke gjennomgangsvei.

Vi håper på en snarlig avgjørelse og ser frem til et positivt svar.

Med hilsen

Saksid. 9401857 Møte FS
Dato 11/1-95 Saksh. RBJ

Ivar Solberg
Ivar Solberg
vei-grunneier

Tore Eikeland
for oppsitterne
Tore Eikeland

Saksid. 9401866 Møte HT
Dato 15/12.94 Saksh. JB

MELAND KOMMUNE

Ivar Solberg/Tore Eikeland

5113 FLATØY

| Dykkar ref. | J.nr. / Vår ref. / Arkiv nr. | Dato |
|---|---|---|
| 07.11.94 | 94011002<br>B565JB1<br>565, 561.2 | 14. november 1994 |

**SØKNAD OM KOMMUNAL OVERTAKING AV VEG TIL SOLBERGET, FLATØY.**

Før saka vert handsama i hovudutval for tekniske saker ber ein om at vegen vert teikna inn på vedlagte kart.

Er det óg aktuelt med kommunal overtaking av vass- og kloakknettet i området?
Dersom så er tilfelle bør søknad utformast deretter.

TEKNISK SJEF

J. Bjordal

Jens Bjordal

Vedlegg.

Kopi: Meland formannskap


| Adresse: | Telefon: | Telefax: | Bankgiro: | Postgiro, skatt: | Postgiro: | Opplysningstenesta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 5110 Frekhaug | 56 17 80 52 | 56 17 78 20 | 3632.07.00242 | 1212562 | 0805 5788104 | 55 17 80 52 |

på Solo

14 DES. 1994
J.nr. 94012080 Saksh. JB
565 . 561.2

13 Desember 1994

Til
Meland Kommune
v/Teknisk Etat

Fra
Tore Eikeland
Solbergveien.3,c
5113.Flatøy.

Emne.Brøyting av tilkomstveier.

På vegne av oppsitterne i Solberget på Flatøy, søkes det herved om at tilkomstveiene blir innlemmet i den kommunale brøyteplanen for sideveier i Kommunen.

Brøyting av private vegar vert det betalt for.

Med hilsen
Tore Eikeland
T. Eikeland.
Formann,Veikomiteen.

MELAND KOMMUNE MØTEBOK

| Styre,råd,utval,m.v | Møtedato | Saknr. | Sbh. |
|---|---|---|---|
| Hovudutval tekniske saker | 15.12.94 | HT.172/94 | JB |
| Sbh: Jens Bjordal | Ark: 565.561.2 | 9401866 | |

**KOMMUNAL OVERTAKING AV PRIVAT VEG TIL SOLBERGET, FLATØY.**

Meland Kommune
Formannskapskontoret
21 DES. 1994
9401433
565/561.2 Saksh. RBJ

**Skriv/fråsegner:**

1 07.11.94 frå: Meland formannskap
KOMMUNAL OVERTAKING AV PRIVAT VEG TIL SOLBERGET, FLATØY - BER OM UTTALE.

2 14.11.94 til: Ivar Solberg/Tore Eikeland
VEG TIL SOLBERGET MÅ INNTEIKNAST PÅ KART.

3 13.12.94 frå: Tore Eikeland
BRØYTING AV TILKOMSTVEGAR, SOLBERGET.

Saksid. 9401866 Møte FS
Dato 11/1-95 Saksh.

**Saksutgreiing:**

Det er søkt om kommunal overtaking av veg til Solberget på Flatøy. Vegen er bygd i privat regi.
Bustadområdet er for det meste ferdig utbygd. Det er her ialt 21 bustader og eit gardsbruk som nyttar vegen.
Vegen er omlag 280 m lang. Vegbreidda er omlag 3,0 m. Vegen er asfaltert.
Det er snuplass på vegen. Snuplassen er i knappaste laget og ligg omlag 50 m før vegen avsluttar. Snuing i enden på vegen skjer på private avkøyringar og kan berre nyttast til mindre bilar.
Sidegrøftene er noko mangelfulle. Dei siste 50 metrane av vegen er noko smalare enn resten, samt det er her trong for kvistrydding langs vegen.

**Vurdering:**

Omsøkt veg ligg i bustadområde og bør såleis vurderast på lik line med andre tilsvarande bustadområde.
Vegen er i brukbar stand bortsett frå noko manglande grøfting og kvistrydding. Snuplassen ved driftsbygningen til vegeigar er ikkje asfaltert. Snuplassen må og til ei kvar tid vera ryddig.
Før event. overtaking bør det setjast vilkår om grøfting, kvistrydding, asfaltering av snuplass, samt at snuplassen ikkje vert nytta til lagringsplass av diverse matriell.

Kostnaden for kommunen vil verta omlag kr 8.000,- per år.

MELAND KOMMUNE

Meland Kommune
Formannskapskontoret
15 NOV. 1994
J.nr. ....
Arkivnr. 565... Saksh. ....

Ivar Solberg/Tore Eikeland

5113 FLATØY

| Dykkar ref. | J.nr. | | Dato |
|---|---|---|---|
| 07.11.94 | J.nr. | 94011002 | 14. november 1994 |
| | Vår ref. | B565JB1 | |
| | Arkiv nr. | 565, 561.2 | |

**SØKNAD OM KOMMUNAL OVERTAKING AV VEG TIL SOLBERGET, FLATØY.**

Før saka vert handsama i hovudutval for tekniske saker ber ein om at vegen vert teikna inn på vedlagte kart.

Er det óg aktuelt med kommunal overtaking av vass- og kloakk-nettet i området?
Dersom så er tilfelle bør søknad utformast deretter.

TEKNISK SJEF
J. Bjordal
Jens Bjordal

Vedlegg.

Kopi: Meland formannskap


Kv. 564
Futemyra
Myrabråte
Smibakken
Myrabråtskogen
Løhaugen
Eikjena
Solbærhaugen
P 506
Mariarenen
Ollervika
Sjøbrote
Skogen
Bergabrekka
Bergahaugen
Lihaugen
Kupeskare
Tett skog
P 9012
Kupå
Tødna